



# Vedtekter for dei kommunale skulefritidsordningane (SFO)

Vedtektene blei vedtekne av kommunestyret 16.06.2022 i sak 45/22 og tek til å gjelde frå 01.08.2022.

**§ 1. Eigar** Vestnes kommune eig og driv skulefritidsordninga. Kommunestyret er ansvarleg styringsorgan, og skulefritidsordningane er administrativt knytt til administrasjonssjefen.

## § 2. Formål

- a. SFO er eit pedagogisk tilrettelagt tilsyns- og aktivitetstilbod for barn frå 1. årssteg til og med 4. årssteg. Barn med særskilte behov kan få tilbod om SFO t.o.m. 7. årssteg. Ved særlege høve kan også eldre barn nytte tilbodet.
- b. SFO skal arbeide for å ta vare på, og utvikle nye vennskap, skape eit ope og godt miljø og legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar både ute og inne.
- c. SFO er eit tiltak i barna si fritid, og skal ha eit anna innhald enn skulen. Både reglar og innhald skal leggest opp i samsvar med dette. SFO og skulen skal samarbeide om organisering og innhald der det er tenleg for barnet.
- d. SFO skal drivast i samsvar med grunnskulen sin formålsparagraf.

## § 3. Leiing

- a. Einingsleiar ved skulen er fagleg og administrativ leiar.
- b. Samarbeidsutvalet (SU) er styringsorgan for SFO. Det skal veljast ein foreldrerepresentant og ein representant for dei tilsette som kan møte i samarbeidsutvalet når det handsamar saker som gjeld SFO.
- c. Det skal haldast minimum 1 foreldremøte pr. skuleår

## § 4. Etablering

For å opprette/drive SFO i ein krins, må det vere minst 7 heile plassar. For å drive morgontilbod må det vere minst 5 heile plassar. For å halde ope før skulestart, i haustferien, vinterferien og etter skuleslutt, må det vere minst 12 påmeldte barn

Barn som har plass i ei skulefritidsordning utan ferietilbod, kan nytte seg av ferietilbod ved ei anna skulefritidsordning.

## § 5. Personalet

Tilsette ved SFO skal ha god praktisk og teoretisk bakgrunn for å arbeide med barn.

SFO som samla har over 12 heile plassar skal ha ein dagleg leiar. Ved mindre ordningar har rektor eit større dagleg ansvar, og ordninga vil ha assistent med tid til for- og etterarbeid, samt samarbeidstid. Talet på assistentar skal regulerast etter talet på deltakarar.

Det blir kravd politiattest av tilsette i skulefritidsordninga i samsvar med § 10-9 i Opplæringslova.

## Bemanningsnorm

Inntil 12 heile plassar	Assistent med ekstra tid avsett	
13 – 18 heile plassar	Dagleg leiar	1 assistent i 50 % av opningstida
19 – 24 heile plassar	Dagleg leiar	1 assistent i 100% av opningstida
25 – 30 heile plassar	Dagleg leiar	1 assistent i 100 % av opningstida + 1 assistent i 50 % av opningstida
31 – 36 heile plassar	Dagleg leiar	2 assistentar

Det kan tilsettast assistent med særlege oppgåver.

På skulefrie dagar der SFO held ope heile dagen, skal ein vere sikra at det er to personar minimum to timar pr. dag.

Personalet i SFO får inntil 37,5 timar til studie-og planleggings dagar, utrekna etter tilsettingsprosenten. Det er ønskeleg at noko av denne tida blir brukt saman med det pedagogiske personalet i skulen.

## § 6. Areal

Arealet ute og inne skal vere tilpassa skulefritidsordninga sine aktivitetar. Kvar skulefritidsordning skal ha ei oversikt over kva rom som er base for skulefritidsordninga, og kva areal som ordninga i tillegg har tilgjengeleg for aktivitetane sine.

## § 7. Opningstider

Opningstida er innafør tidsramma 06:45 - 16:30. Den enkelte skule sett opningstida innanfor gjeldande tidsramme.

SFO vil i 38 skuleveker gi eit tilbod som er tilpassa behovet i krinsen med morgontilbod og/eller ettermiddagstilbod, eventuelt eit heildagstilbod om elevane har heile fridagar i løpet av veka. SFO utan ferietilbod følgjer skuleruta.

SFO som gir eit ferietilbod skal ha ope før skulestart, i haustferien, vinterferien og etter skuleslutt.

SFO er stengt i juleferien, påskeferien og fire veker om sommaren.

Stengte dagar ved SFO på grunn av studie- og planleggings dagar, skal meldast til foreldra i god tid før skuleåret tek til.

Maks opphaldstid på skule/sfo skal vere maks 9 timar

## § 8. Opptak og oppseiing

Søknad om plass må skje til kvar skule. Kommunedirektøren bestemmer søknadsfrist, som pr.i dag er sett til 1.mars. Det er einingsleiar som er ansvarleg for opptaket ved den enkelte skule, og sender melding til foreldra om opptak og eventuelt avslag. Det kan gjerast opptak i løpet av året dersom det er ledige plassar.

SFO er open for alle barn på 1.-4. årssteg. Ved særlege tilfelle kan også eldre barn nytte SFO. Dersom ein ut frå ulike vurderingar må ha eit avgrensa opptak, skal elevar på 1. og 2. årssteg og funksjonshemma barn vere prioriterte ved opptak. Kommunen skal gi eit best mogleg tilbod til funksjonshemma barn etter dei økonomiske og pedagogiske rammene som ordninga driv etter.

Oppseiing eller endring av tilbod skal skje skriftleg, innan den 1. i kvar mnd. Oppseiingstida er 2 månader og endring av plass er 1 månad. Når foreldrebetalinga uteblir i 2 månader og det ikkje blir utforma skriftleg betalingsavtale, taper barnet plassen frå den første opningsdagen i komande månad.

Om ein seier opp plassen etter 1.april, må ein betale for plassen skuleåret ut.

Barn som har fått fast plass skal ikkje søkje på nytt ved nytt skuleår. Fast plass gjeld ut 4.klasse eller til den blir sagt opp. Ved sjukdom, flytting o.l. kan kommunedirektøren gjere unntak frå denne regelen.

## § 9. Foreldrebetaling

Vestnes kommunestyre fastset satsane for foreldrebetalinga. Foreldrebetalinga blir utrekna på 10 månader. Det blir gjeve søskenmoderasjon, 30 % for barn 2 og 50 % for barn 3 og ev. påfølgjande barn.

Matpengar kjem i tillegg til den faste satsen for foreldrebetaling.

Opphaldstida er delt inn i:

Opphaldstid
100% (5 heile dagar)
80% (4 heile dagar)
60% (3 heile dagar)
40% (2 heile dagar)
Ettermiddagstilbod
Haust-, vinter-, sommarferie pr veke:

I tillegg har 1.klasse gratis sfo inntil 12 timar. Det vil seie at dei har gradert betaling ut frå gjeldande tilbod, samt at dei også har tilrettelagt opphaldstid.

Ved overtid t.d. barn som blir henta etter klokka 16.30, blir foreldre/føresette belasta med gebyr på 200.-kroner for kvar påbegynt halvtime.

Gebyret gjeld og for barn som oppheld seg på SFO utover den tildelte vekeramma t.d. barn som har halv plass. Faktureringa kjem som tillegg til ordinær foreldrebetaling månaden etter.

**§ 10. Skyss**

Skyss til og frå SFO er foreldra sitt ansvar i dei tilfella ein ikkje kan nytta ordinær skuleskyss.

**§ 11. Teieplikt**

Alle medlemmane i styrande organ og dei tilsette har teieplikt etter dei same reglane som gjeld elles i grunnskulen, jf. Opplæringslova § 15-1.

**§ 12. Internkontroll**

SFO er omfatta av skulen sitt system for internkontroll.

**§ 13. Endringar i vedtektene**

Samarbeidsutvalet og foreldrerådet kan fremje forslag om endringar i vedtektene for SFO. Når foreldrerådet har fått høve til å uttale seg, kan samarbeidsutvalet med vanleg fleirtal gjere vedtak om endringar i vedtektene.

Endringane skal godkjennast av kommunen.

Kommunen kan også gjere framlegg om endringar. Endringane skal då leggjast fram for samarbeidsutvala for uttale.